

# Styremøte 1-2016-Referat

Onsdag 20. januar 2016 kl. 18:00 hos Inge

Desse møtte: Terje Edvardsen, Alvin Honningsvåg, Arne Hjertenes, Inge Bakke.

## Sak 1. Framlegg frå styret til årsmøtet

### A. Framlegg til endring av vedtektene:

Prinsippet om at plasseigar eig halvparten av utriggerane på kvar av sidene på båsen må stå fast. Standard plass skal ha gangbar utrigger på ei side, og fortøyningsbom på andre. Der plasseigarane har erstatta fortøyningsbommen med gangbar utrigger, skal prisen for plassen avspegle det. Det skal derfor opprettast eiga priskategori for plass med gangbar utrigger på begge sider. Dette gjerast ved å legge til 5000 kr på opprinneleg pris.

Paragraf 3, punkt **Andelsinnskott** vert derfor slik:

	6 m gangbar utrigger + fortøyningsbom	6 m gangbar utrigger på begge sider	8 m gangbar utrigger + fortøyningsbom	8 m gangbar utrigger på begge sider
Brygge A og B, standard 3,5 m bredde	40.000	45.000	45.000	50.000
Brygge C, standard 3,0 m bredde	38.000	43.000		

Plass med utrigger på ei side: 20.000

Gjeldande pris for avvikande breddemål på båtplassane er 1.000 kroner per 25 cm. Vedtektene mangler informasjon om dette. Dermed vert heller ikkje denne summen prisjustert. Årsmøtet bør vurdere denne prisen kvart år saman med storleiken på andelsinnskott.

Styret ber derfor årsmøte om å vedta å ha med eit punkt om pris på avvikande breddemål på plassane under **paragraf 3 Medlemskap, avsnitt Andelsinnskott**.

### B. Framlegg til endring av vedtektene:

Paragraf 6 **Medlemsplikter** vert endra slik:

#### Noverande tekst:

1. Alle som har kjøpt andelar i hamna pliktar å betale årlig medlemskontingent. Årlig medlemskontingent vert fastsett av årsmøtet i Holmavika hamnelag.

#### Ny tekst:

1. Alle som har kjøpt andelar i hamna pliktar å betale medlemskontingent. Årlig medlemskontingent vert fastsett av årsmøtet i Holmavika hamnelag. Styremedlemmane er fritekne for årsavgift.

### C. Framlegg til endring av vedtektene:

#### **§11 Framleige av båtplassar**

Noverande ordlyd:

1. Framleige/lån av båt plass i meir enn ein måned skal godkjennast av styret. Eigar er ansvarleg til å melde utleige til styret.
2. Utleige av plassar skal skje i samsvar med punkt 3 i paragraf 10 i vedtektene.

Ny ordlyd:

1. Framleige/utlån av båt plass skal skje gjennom styret.
2. Plasseigar må avtale leigeperiode med styret.
3. I leigeperioden er plasseigar friteken for årsavgift, dugnad og vedlikehald av utriggarar.
4. Utleige skal skje i samsvar med ventelister for leige av båt plass og skal administrerast av styret.
5. Årsløien skal vere 10 % av plassens verdi og går til hamnelaget. Minste leigeperiode er ein måned og betalast med 1/12 av årsløien.
6. Dersom det ikkje finst leigar eller når ein leigeperiode er over, går plassen automatisk tilbake til plasseigar.

D. Framlegg til vedtak:

#### **Planlegging av lagshus i hamna**

Årsmøtet gjev styret i oppdrag å lage plan for oppsetting av ei oppholdsbrakke i hamna. Plan med kostnadsberekning skal leggjast fram for neste årsmøte.

## Sak 2. Førebuing av årsmøtet

### **Tid**

Måndag 22. februar kl. 18:00

### **Stad**

Selje hotell, Sunnivasalen

### **Frister**

- Utsending av innkalling seinast 11. februar.
- Frist for revisjon av rekneskapet: 21. februar.
- Frist for framlegg frå valnemda: 7. februar.

### **Saksliste**

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Fastsetjing av
  - a. Årlig medlemskontingent
  - b. Størrelse på andelar
  - c. Frikjøp dugnad
  - d. Prisar ved slipping
  - e. Strømvavgift
4. Budsjett
5. Val

- a. Leiar
  - b. Styremedlemmar
  - c. Varamedlem til styret
  - d. Revisorar
  - e. Valnemnd
6. Saker frå styret

### **Servering**

Enkel servering. Laget betaler.

Møtet slutt.